

**Utval:** Utval for miljø og samferdsel  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, fylkeshuset  
**Dato:** 15.05.2018  
**Tidspunkt:** 11.00-15.30

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Parti	Merknad
Jon Askeland	Leiar	Sp	
Marthe Hammer	Nestleiar	SV	
Synnøve Solbakken	Medlem	A	
Atle Kvåle	Medlem	A	
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A	
Per Lerøy	Medlem	A	
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H	
Svein Halleraker	Medlem	H	
Iiril Schau Johansen	Medlem	H	Møtte til kl. 14.45
Gustav Bahus	Medlem	Frp	Møtte til kl. 14.45
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF	
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG	Møtte til kl. 14.40
Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim	Medlem	Sp	
Geir Angeltveit	Medlem	V	

**Følgjande medlemer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Parti
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp

**Følgjande varamedlemer møte:**

Namn	Møtte for	Parti
Willy Borge	Renate Møgster Klepsvik	Frp

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar forvaltningsseksjonen
John Martin Jacobsen	Seksjonsleiar vegseksjonen
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Grethe Vikane	Avdelingsdirektør Statens vegvesen
Beate Mæsel	Seniorrådgjevar Statens vegvesen
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 54/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 55/18	Godkjenning av møtebok førre møte		
PS 56/18	Referatsaker (meldingar)		
RS 32/18	Svar frå fylkesrådmannen på spørsmål stilt i fylkesutvalet 22. februar om Skyss og målform	2015/1434	
RS 33/18	Kunstplan for Bybanen Sentrum - Fyllingsdalen	2017/4085	
RS 34/18	Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Skjersholmane - Ranavik	2018/10719	
RS 35/18	Innspeil til planprogram for Kommunedelplan for klima, miljø og infrastruktur - Askøy kommune	2018/8298	
RS 36/18	Avkorting av Bybanen til Fyllingsdalen ved Oasen	2018/10038	
RS 37/18	Kvinnheradpakken - orientering om status	2016/35026	
RS 38/18	Spørsmål frå MDG: Status for finansiering av innføring av låg- og nullutsleppsbusar	2018/10711	
RS 39/18	Revisjon av Bømlopakken - status og plan for vidare handsaming	2018/10634	
RS 40/18	AutoPASS for ferje - Utsatt oppstart	2018/709	
RS 41/18	Delegasjon av myndigheit til å gje løyvefritak for småskala turistverksemd og inn på tunet tenester	2018/141	
PS 57/18	Ymse		
PS 58/18	Søknad om overføring av ruteløyve frå Bergens2 AS til Ulriken Taubaneselskap AS	2018/9120	
PS 59/18	Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet 2017	2014/505	
PS 60/18	E134 Haukelivegen - Bompengeutgreiing av strekninga Seljestad-Røldal-Vågsli	2014/16034	
PS 61/18	Prinsipp for prising av kollektivtrafikken i Hordaland	2018/10723	
PS 62/18	Praktisering av dispensasjon frå Fylkesmannen om unnatak frå gratis skoleskyss	2017/938	
PS 63/18	Evaluering og endringar i rammeavtalen med Statens vegvesen	2014/12426	
PS 64/18	Søknad frå GulenSkyss AS om ruteløyve for strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy	2018/10140	
PS 65/18	Offentleg kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg - Høyringsfråsegn	2018/10836	
PS 66/18	Venterommet på Åsane Terminal		

## PS 54/18 Godkjenning av innkalling og saksliste

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** bad om at ny sak PS 66/18 «Venterommet på Åsane Terminal» vart sett på sakskartet utan saksførelegg. Utval for miljø og samferdsel slutta seg til dette.

#### Vedtak

Innkallinga vart godkjend utan merknader.

Saklista vart godkjend med merknaden som er nemnd over.

## PS 55/18 Godkjenning av møtebok forrige møte

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

#### Vedtak

Møteprotokollen frå møte 18.04.2018 vart godkjend utan merknader.

## PS 56/18 Referatsaker (meldingar)

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

**Stein Inge Ryssdal (H)** stilte spørsmål knytt til tolkinga av RS 34/18 «Ferjeavløysingsordninga - Førespurnad om førehandsavklaring og overslag på ferjeavløysingsmidlar for innkorting av sambandet Skjersholmane – Ranavik». Også Jon Askeland (Sp), Synnøve Solbakken (A) Svein Halleraker (H), Geir Angeltveit (V) og fylkesdirektør samferdsel kommenterte referatsaka.

I samband med RS 36/18 «Avkorting av Bybanen til Fyllingsdalen ved Oasen» kommenterte **Marthe Hammer (SV)** at problemstillinga ikkje var politisk behandla i fylkeskommunen før den vart behandla i Bergen kommune.

I samband med RS 41/18 «Delegasjon av myndigheit til å gje løyvefritak for småskala turistverksemd og inn på tunet tenester» spurde **Stein Inge Ryssdal (H)** om den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans ved eventuelle avslag. Dette vart stadfesta.

## PS 57/18 Ymse

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

#### ORIENTERINGAR

Ordføraren på Osterøy, Jarle Skeidsvoll, orienterte om situasjonen for Osterøy Ferjeselskap.

Nytt frå Skyss v/Hanne Alver Krum

- Reisetal første tertial 2018
- Billettsal fordelt på salskanal i Bergensområdet
- MUST (Mobilitetslaboratorium for Utvikling av Smarte Transportløsninger)

Nytt frå Statens vegvesen v/Grethe Vikane

- Overføring av Sams vegadministrasjon
- Gjennomføring av ulike prosjekt
- Fv 550 ved Trones veg stengt som følgje av skred
- E39 Kommunedelplan Flatøy-Eikefettunnelen
- Vegopningar
- Ulykkesutvikling i Hordaland, mars 2018

- Driftskontraktar
- Status for ny Nasjonal transportplan (2022-2033)

#### Fylkesdirektør samferdsel

- Trolleybussprosjektet har fått tilsagn frå Enova.
- Fylkesordføraren har teke initiativ til evaluering av korleis ein organiserer arbeidet med større prosjekt som NTP.

### OVERSENDINGSFORSLAG

**Atle Kvåle (A)** sette på vegner av A fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

#### «Miljøvenleg sjøtransport

Viser til informasjon frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet 03.05.2018 vedk. at det er bevilga 3 mill. kr frå Hordaland fylkeskommune og 3 mill. kr frå Bergen kommune til utviklingsprosjekt for elektrifisering av Askøybåten (hurtigbåt Kleppestø-Bergen). Prosjektet skulle utviklast i samarbeid med NCE Maritime CleanTech på Stord, som ein pilot for den elektriske hurtigbåten Urban Water Shuttle.

Fylkesrådmannen beklaga at dette ikkje er følgd opp, og meldte at det kjem ei sak om dette snarast råd.

Underteikna ber om at det blir lagt fram sak til utval for miljø og samferdsel i tråd med tilbakemelding frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet 03.05.2018.»

#### Røysting

Kvåle sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt til fylkesrådmannen utan realitetsbehandling.

#### ANNA

**Stein Inge Ryssdal (H)** bad om at utvalet får tilbake restanselista med opplysningar om når utvalet kan vente svar på skriftlege spørsmål og oversendingsforslag. Han ønskjer også å få eit oversyn over når det kjem svar på munnlege problemstillingar som utvalet har tatt opp og som er til behandling / ikkje er kome til behandling i administrasjonen. Fylkesdirektør samferdsel vil vurdere dette.

**Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** bad om å få ei orientering i neste møte om arbeidet med regionreforma knytt til utval for miljø og samferdsel sitt arbeidsområde. Fylkesdirektør samferdsel stadfesta dette.

### INNSENDE SPØRSMÅL

1. **John Torsvik (H)** hadde sendt inn slikt spørsmål

#### «Trafikkulykke i Matre – E39 var stengt

Statens vegvesen (SVV) skal i perioden 2015 – 2025 oppgradere tunnelane på E-39 for fleire mrd. kroner som fylgje av tunnellsikringsforskrifta. For tida pågår det arbeid i Masfjordtunnelen aust for Matre og deretter skal arbeidet starte opp i Matrebergtunnelen og Trodalstunnelen like vest for Matre. Felles entreprise for desse tunnelane skal lysast ut våren 2018.

Trodalskrysset er eit av 4 kryss på ei strekning på ca. 4 km på E-39 som Masfjorden kommune sin trafikktryggleiksplan (s. 33-34) omtalar som svært trafikkfarleg både for mjuke trafikantar spesielt og øvreg trafikk generelt.

Onsdag 11. april i år var det på nytt ei alvorleg ulukke på strekinga, nettopp i Trodalskrysset. Uluikka var kollisjon mellom vogntog og personbil knytt til påkjøring på uoversiktleg forkjøringsveg (E-39).

Denne gangen var det den kommunale heimetenesta som vart råka, neste gang kan det vere elevar på veg til Matre skule?

Spørsmål:

- Vil SVV ivareta trafikkisikringstiltak knytt til Trodalskrysset mellom tunnelane i Matresberget, ved utlysinga av entreprisane for Matrebergtunnelen og Trodalstunnelen?

- Har SVV ein plan for ferdigstilling av trafikksikringstiltak på E-39 strekninga Haugsvær – Matre?

Det var utarbeidd slikt svar:

«Oppgradering av tunnelane E39 Trodal/Matreberg er planlagt i perioden 2018/09 - 2020/03. Belysning blir oppretthalde, busslomme blir noko endra/forbetra, naudsynt rekkverk blir sett opp og oppmerking av vegbanen blir utført. Normale stengeskilt for tunnelen blir montert (ikkje bom).

Me understrekar at trafikksikringsspørsmål blir følgt opp også gjennom arbeidsvarsling og tiltak i denne samanhengen. Detaljar rundt dette vil bli avklart gjennom handsaming og oppfølging av arbeidsvarslingsplan.

Det er, ut over tunneloppgraderingsprosjektet, ikkje prioritert midlar i NTP til trafikksikringstiltak på strekninga mellom Matre og Haugsvær.

Av planlagte tiltak kan me nemne at det i reguleringsplan for Haugsværdalen frå 2013 er vist gang- og sykkelveg langs E39 frå nordsida av Trodal-tunnelen og fram til Haugsvær senter. Dette er ikkje eit prioritert tiltak i NTP, og det er difor usikkert når det i so fall kan bli realisert. Det midlertidige krysset ved BKK-anlegget vil seinare bli stengt og trafikk til/frå næringsområdet vil skje via krysset med Haugsvær senter.

Det er frå Statens vegvesen si side ikkje andre påbegynte trafikksikringstiltak som ikkje er ferdigstilt på denne strekninga.»

## 2. Per Lerøy (A) hadde stilt slikt spørsmål.

### «Planstatus for E-39, Klauvaneset - Vågsbotn

Viser til tidlegare informasjon om at Statens Vegvesen er i ferd med å etablere ei prosjektgruppe som skal vera ansvarleg for planarbeidet på E-39 Klauvaneset - Vågsbotn. Spørsmålet om dette planarbeidet vart teke opp med byrådsleiar Harald Schjelderup på møtet i Bergensalliansen 3. mai i år. Svaret me fekk frå byrådsleiaren var at Bergen prioriterer dette planarbeidet og at dei ikkje skal hindra framdrifta i prosjektet. Eg ber om at SVV gir oss status på SVV sitt arbeid med prosjektet, samt tidsplanar for aktivitetane og oversikt over milepælar i prosjektet.»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Statens vegvesen har starta arbeidet med kommunedelplan for E16/E39 Arna - Vågsbotn - Klauvaneset. Til no er det etablert ei prosjektgruppe, og den har starta opp innleiande arbeid med planprogrammet. I handlingsprogram for NTP 2018-2023 (2029) er det avsett midlar til oppstart av bygging av prosjekta i perioden 2024-2029. Planprosessen SVV har sett i gang har som mål vedteken reguleringsplan slik at oppstart av bygging kan skje i tråd med løyvingane i NTP, og seinast innan 2026. Vi ser for oss ei framdrift med fastsett planprogram innan utgangen av april 2019, og eit ferdig planforslag (KDP) mai/juni 2020. Oppstart av reguleringsplan vil skje omgåande etter at KDP er vedteken.»

## 3. Per Lerøy (A) hadde stilt slikt spørsmål:

### «Skuleskyss til Austrheim vidaregåande skule

Viser til vedlagte kartlegging av kollektivtilbodet knytt til Austrheim vidaregåande skule. Me ønskjer å gje elevane i fylket eit godt kollektivtilbod. Det er særskilt viktig at reiser til og frå våre vidaregåande skular er attraktive og vel fungerande. Dette gir elevane gode haldningar til kollektivtrafikk og kan bidra til mindre fråfall i den vidaregåande skulen. Eit godt kollektivtilbod kan også redusere bruken av privatbilar til og frå våre vidaregåande skular og dermed auka trafikktryggleiken på skulevegane våre.

Er det mogeleg for Skyss å tilpassa rutetilbodet til og frå Austrheim vidaregåande skule i tråd med dei fire prioriterte tiltaka frå elevane ved skulen og Radøy Ungdomsråd for skuleåret 2018/19?»

Administrasjonen vil kome tilbake med svar.

**4. Per Lerøy (A)** hadde stilt slikt spørsmål:

**«Drift av hurtigbåtar**

Frå hausten 2018 vert takststrukturen for Hordaland endra. Vil denne omlegginga føra til endra billettprisar for hurtigbåtsambanda også? Korleis er det med matebussane til hurtigbåtane, vil desse vera gratis?»

Fylkesdirektør samferdsel svarte slik:

«Omlegginga til sju takstsoner i Hordaland vil ikkje medføre endringar i billettprisar for hurtigbåtsambanda. Fylkesrådmannen vil komme attende med ei eiga sak om prisane på båt i Hordaland. Matebussane til hurtigbåtane vil følgje takstane som følgjer av omlegginga til sju takstsoner.»

**5. Astrid Aarhus Byrknes (KrF)** hadde stilt slikt spørsmål:

**«Kollektiv / snøggåten i Nordhordland**

Når tid kan ein forvente at fylkesrådmann får på plass ei auka ruteproduksjon kollektiv/snøggåten i tråd med vedteke budsjettpost på 1.5 mill. for 2018 ?

Grunngeving for spørsmålet:

Det er frå ulikt hald stilt spørsmål om kva som skjer med midlane som samarbeidspartia løyvde for budsjettåret 2018. Slik eg ser det så er det ikkje knytt noko betingelser til dette budsjettvedtaket. Mange etterspør status i saka og då kan det vere greit å få det.»

Det vart utarbeidd slikt svar:

«Fylkesrådmannen orienterte i fylkesutvalet den 3. mai om at han har halde tilbake nye tiltak i budsjettet som etter hans forståing var finansiert med ekstra belønningmidlar. Desse tiltaka vil no verta sette i verk. Me er i ferd med å klårgjera korleis nytta desse midlane på ein best mogleg måte. Fylkesrådmannen kjem attende til saka.»

**6. Geir Angeltveit (V)** hadde stilt slikt spørsmål:

**«Energieffektivisering av boligmassen i kommunene i Hordaland**

Vi foreslår at Hordaland fylkeskommune investerer i lisens på kommunale energiportaler til samtlige kommuner i Hordaland, en ENØK-telefon i en kampanjeperioden på to måneder (og promotert på energiportalene resten av året), og en brosjyresendelse fra kommunen(e) til alle husstander i kommunen med tilbud om gratis energianalyse med kommunens energiportal, gratis energirådgivning pr telefon, samt kommunens egenfinansierte Grønne uker-aktiviteter (se vedlegg).

Hordaland vil på denne måten kunne lage en arena for energieffektivisering av boligmassen i kommunene i fylket, som de kommunene som har midler til ytterligere Grønne uker-aktiviteter kan bygge på. Det åpnes også for interkommunalt samarbeid, spesielt når det gjelder aktiviteter for håndverkere, og inkludering av eksisterende relevante aktiviteter i regi av kommunene eller miljøorganisasjoner og lignende.

En rekke fylkeskommuner har gjort tilsvarende før Hordaland, deriblant Østfold, Oslo, Akershus, Aust-Agder, Vest-Agder, Sogn og Fjordane, Rogaland, m.fl. Telemark har spilt det inn i sine planprosess.

**Hva er en kommunal energiportal?**

En kommunal energiportal er et online verktøy for gratis, objektiv og individuell energianalyse av boligeier sin egen bolig. Boligeier taster inn adressen sin, finner boligen sin og får et estimat for årlig energibruk.

Videre har boligeier mulighet til å simulere ulike energitiltak (som varmepumpe, vedovn, solfangeranlegg, nye vinduer, etterisolering av tak, vegger, osv.) i boligen sin og finne de mest lønnsomme energitiltakene for nettopp sin bolig.

Når boligeier søker på et tiltak, lister den kommunale energiportalen opp de nærmeste leverandørene som kan installere tiltaket. På denne måten er det kort vei fra analyse til action.

Boligeier kan for eksempel be om tilbud fra de tre nærmeste leverandørene. (Det er ingen kommersiell kobling mellom leverandører og Energiportalen AS. Leverandørene er hentet fra mesterforbundene og bransjeforeningene, og listes opp etter geografisk nærhet til boligen).

Se gjerne Bergen kommunes energiportal og søk på en adresse i Bergen på [bergen.energiportalen.no](http://bergen.energiportalen.no)

#### **Hva er en kommunal ENØK-telefon?**

Boligeierne kan ringe ENØK-telefonen og Norges mest erfarne energirådgivere for boliger vil hjelpe boligeierne pr telefon til å bruke kommunens energiportal for å redusere boligeieren sin energibruk og energikostnader.

Energirådgiveren vurderer lønnsomheten av ulike energiltak sammen med boligeier, og gir boligeier råd om ENOVA-tilskudd og andre støtteordninger.

#### **Hvilken nytteverdi har fylkeskommunen og kommunene av kommunale energiportaler, ENØK-telefon og brosjyreutsendelser til husstandene i fylket?**

Kommunen informerer boligeierne sine via brosjyren. Kommunen er den aktøren som boligeieren har mest tillit til.

Boligeier tar den store investeringen i energiltaket, fordi det lønner seg økonomisk på sikt. Kommunen og Fylkeskommunen reduserer CO2-utslippet i boligmassen, og bidrar til nasjonale og regionale mål om reduksjon i klimagassutslipp.

Det var utarbeidd slikt svar:

«Spørsmålet har, slik administrasjonen oppfatter det, følgende to punkt:

1. Er Energiportalen ei nyttig for kommunane og fylket for å nå våre mål om redusert klimagassutslipp?
2. Vurdere å foreslå Energiportalen som eit tiltak i Klimaplanens handlingsprogram (for 2019)

#### **Bakgrunn**

[Energiportalen](#) er ei nettbasert, privat teneste som ut frå grunnlagsdata viser estimert årleg energibruk med tilhøyrande estimerte klimagassutslipp og ein estimert energipris for bustader.

Tenesta blir aktivert i kommunar der det er betalt avgift. Der tenesta er teken i bruk, er det enten kommunen som betalar lisens for at eigne innbyggjarar skal få tilbodet eller fylkeskommunen som betalar for kommunane i sitt område. Det går i tillegg an å betale for at innbyggjarane skal få energirådgjeving.

Hordaland fylkeskommune sin administrasjon har vore i møte med representantar for Energiportalen og hatt kontakt med dei i 2016 og 2017. Det var den gang antyda pris på kr 350.000 for å ta i bruk tenesta i Hordaland. Tenesta vart den gong ikkje teken i bruk.

Det finst andre tilbydarar av liknande tenester

- ENOVA - Hos [Enova Svarer](#) kan ein stille små og store spørsmål til nokre av landets fremste energirådgjevarar. Dei kan også alt om støtteordningar. Nettsidene gir også konkret rettleiing.
- Naturvernforbundet tilbyr den nettbaserte løysinga [Oljefri](#) for bustadeigarar i heile Hordaland som er opptekne av å fase ut oljefyr og energioptimalisering. Dei tilbyr råd frå [energispesialist](#).
- [Energismart](#) er ei vidareutvikling av nettstaden [Lavenergiprogrammet](#) (som skal leggest ned) og Oljefri for hushald som vil spare energi og kutte utslipp i samarbeid med Enova. På [energismart.no](http://energismart.no) kan hushald finne informasjon om smarte energiltak og komme i kontakt med kvalitetssikra energispesialistar.
- Bergen kommune tilbyr innbyggjarane energirådgjeving frå Høgskulen på Vestlandet.

#### **Punkt 1: Er Energiportalen ei nyttig for kommunane og fylket for å nå våre mål om redusert klimagassutslipp?**

Energiportalen kan truleg vere nyttig for ein kommune som vil ha aktivitetar retta mot energibruk i private bustader. Energiportalen kan supplere anna satsing, på linje med til dømes dei andre

tilbydarane som er nemnde over. Kombinasjonen av informasjonsmøte til publikum og nettbaserte tenesteR som Oljefri, Energismart og Energiportalen kompletterer kvarande godt.

I Hordaland har Bergen kommune betalt avgift i tre år for å få nettløysinga, ikkje rådgjeving. Deira erfaring er at tilbodet blir nytta når dei har kampanjar eller spesielle aktiviteter. «Men for at folk skal bruke den krever ein del tiltak.»

Gjennomsnittleg energibruk pr. hushald i Noreg var i 2012 20 230kWh (mest oppdaterte tal frå SSB). Om lag 79% av dette i form av elektrisitet. Litt avhengig av kva utslippsfaktor ein nyttar for elektrisitet, kan klimafotavtrykket frå dette variere, men det kan også vere andre sider av hushalda si tilpassing som har vel så store eller større klimagassutslepp.

**Punkt 2 - Vurdere å foreslå Energiportalen som eit tiltak i Klimaplanens handlingsprogram**  
Forslaget blir oppfatta som eit forslag om at Hordaland fylkeskommune skal betale lisens for alle kommunar i fylket som eit tiltak i klimaplanens handlingsprogram.

Klimaplanens handlingsprogram blir sett saman i løpet av sumar/haust basert på dei forslaga som er komne inn og analysar av klimafotavtrykk og klimagassutslepp som kan knytast til fylket. Endeleg handsaming skjer i fylkestinget i desember kvart år.

Forslaget om å inkludere lisensbetaling for Energiportalen vil bli tatt med i prosessen med å utvikle klimaplanens handlingsprogram for 2019.»

## 7. Marthe Hammer (SV) hadde stilt slikt spørsmål:

«Viser til invitasjon til SKYSS om deltaking på årskonferanse Fjordvegen rute 13 samt interpellasjon frå Roald Kvamme i fylkestinget mars 2018 om kollektivstrategien og reiseliv. På årskonferansen til Fjordvegen Rute 13, 7.-8. mai, kunne Kolumbus i Møre og Romsdal fortelle om korleis dei har utvikla «Travel like locals» for minimale ressursar (kun 2 månadsårsverk første år), og no på tredje året er inntektsmålet 3,5 millionar i inntekter i 2018. Dette kan vere ein vinn-vinn situasjon, både for fylkeskommunen og for reiselivet.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- I interpellasjonen svarer fylkesordføraren at fylkesrådmannen skal komme attende med ei sak om kollektiv og reiseliv. Når kan ein forvente at denne saka kjem?
- For å finne gode og effektive løysingar der eksisterande kollektivtilbod vert gjort meir tilgjengeleg for reiselivet er det viktig å ha god dialog med reiselivsaktørane. SKYSS kunne ikkje prioritere deltaking på årskonferansen Fjordvegen rute 13 denne gang, men i kva grad nytter administrasjonen og SKYSS høve til å medverke i tidlig dialog med reiselivsaktørane og andre i arbeidet med den nye saka?»

Det var utarbeidd slikt svar:

«Det vert lagt opp til at denne saka kjem opp på slutten av året. I arbeidet med saka vil grensesnittet mot reiselivsaktørane ha ein sentral plass.»

## PS 58/18 Søknad om overføring av ruteløyve frå Bergens2 AS til Ulriken Taubaneselskap AS

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner søknad av 18. mars 2018 frå Ulriken Taubaneselskap AS om å overta frå Bergens2 AS ruteløyve for strekninga Bontelabo - Haukelandsbakken på følgjande 4 vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld til og med 30. september 2023.
2. Alle passasjerar skal ha av- eller påstiging i Haukelandsbakken.
3. All bruk av haldeplassar skal vere for snøggast mogleg av- eller påstiging.
4. Stopp i bussterminalar skal berre finne stad etter avtale.



## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkesutvalet godkjenner søknad av 18. mars 2018 frå Ulriken Taubaneselskap AS om å overta frå Bergens2 AS ruteløyve for strekninga Bontelabo - Haukelandsbakken på følgjande 4 vilkår:

1. Ruteløyvet gjeld til og med 30. september 2023.
2. Alle passasjerar skal ha av- eller påstiging i Haukelandsbakken.
3. All bruk av haldeplassar skal vere for snøggast mogleg av- eller påstiging.
4. Stopp i bussterminalar skal berre finne stad etter avtale.

## **PS 59/18 Årsmeldingar for fylkesvegane i Hordaland og Bergensprogrammet 2017**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget tar *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017* og *Årsmelding 2017 for Bergensprogrammet* til orientering.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget tar *Årsmelding for fylkesvegane i Hordaland 2017* og *Årsmelding 2017 for Bergensprogrammet* til orientering.

## **PS 60/18 E134 Haukelivegen - Bompengeutgreiing av strekninga Seljestad-Røldal-Vågsli**

### **Forslag til innstilling**

1. Hordaland fylkeskommune ber Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet planlegge for ein bompengesøknad/bompengeproposisjon for heile prosjektstrekninga Seljestad-Vågsli og slik at ein kan starte arbeidet både på Seljestad-Liamyrane og på Liamyrane-Vågsli i første periode gjennom bruk av bompengedelen av finansieringa i begge delprosjekt.
2. Effekten av førehands- og parallellinnkrevjing av bompengar med reduserte satsar må takast med i bompengesøknaden, slik at alle partar, inkl. Samferdselsdepartementet og transportkomitéen på Stortinget, kan vurdere tiltaket.

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Atle Kvåle (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i selskapet Haukelivegen AS. Kvåle gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samrøystes at Atle Kvåle var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1 ledd e).

Atle Kvåle gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 2 røyster (Frp).

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Hordaland fylkeskommune ber Statens vegvesen og Samferdselsdepartementet planlegge for ein bompengesøknad/bompengeproposisjon for heile prosjektstrekninga Seljestad-Vågsli og slik at ein kan starte arbeidet både på Seljestad-Liamyrane og på Liamyrane-Vågsli i første periode gjennom bruk av bompengedelen av finansieringa i begge delprosjekt.
2. Effekten av førehands- og parallellinnkrevjing av bompengar med reduserte satsar må takast med i bompengesøknaden, slik at alle partar, inkl. Samferdselsdepartementet og transportkomitéen på Stortinget, kan vurdere tiltaket.

## PS 61/18 Prinsipp for prising av kollektivtrafikken i Hordaland

### Forslag til innstilling

Følgjande fire hovudprinsipp med underprinsipp vert lagt til grunn for prising av kollektivtrafikken i Hordaland:

1. **A: Generelt prisnivå og årlege prisjusteringar vert vidareført som i dag**
  - A1: Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise
  - A2: Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken
  - A3: Rabattar knytt til tal reiser er eit viktig verkemiddel for å få den einskilde til å reise meir
2. **B: Prismodellen for buss og bybane i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden**
  - B1: Prismodellen for kollektivtrafikken i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett
  - B2: Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer
  - B3: Prisstrukturen i Hordaland er basert på store, geografiske soner
  - B4: Billetter skal kunne kjøpast til lik pris i alle salskanalar og gjelde heile døgnet
3. **C: Prismodell for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden**
  - C1: Prismodellen for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett
  - C2: Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer
  - C3: Prisstrukturen for båt i Hordaland skal vere basert på ein avstandsbasert prismodell
4. **D: Avvik frå hovudprinsipp kan nyttast når det vil gi stor effekt**
  - D1: Hovudregelen om lik pris i alle salskanalar kan i kortare eller lengre periodar fråvikast som eit verkemiddel til å påverke kundane til å nytte nye og meir effektive salskanalar
  - D2: Hovudregelen om at alle billetter har same pris og gyldigheit i heile driftsdøgnet kan fråvikast for å oppnå spesifikke mål eller til fordel for meir dynamiske løysingar
  - D3: Pris for nye mobilitets- og tilleggstenester må spegle verdien for kunden.

## Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slik protokollmerknad:

«Frp si gruppe vil i denne saka arbeida med den fram mot fylkestinget. Saka er stor og viktig og krev full gruppehandsaming hos oss.»

**Marthe Hammer (SV)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

Følgjande fire hovudprinsipp med underprinsipp vert lagt til grunn for prising av kollektivtrafikken i Hordaland:

1. A: ~~Generelt prisnivå og årlege prisjusteringar vert vidareført som i dag~~

Erstatt overskrift med: *Pris og tilbod skal stimulere folk til å velje kollektivt framfor bil*

- ~~A1: Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise.~~  
*Endra punkt A1: Låg pris er eit viktig verkemiddelet for å få fleire til å reise*

Stryk punkt A2: ~~Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken~~

- A3: Rabattar knytt til tal reiser er eit viktig verkemiddel for å få den einskilde til å reise meir
- *Nytt forslag til A4: Prisane på buss skal stimulere folk til velje buss framfor bil. Derfor må prisen stimulere kollektivtransportens konkurranseevne mot bilen. Så lenge prisane for å passere i bomringen i Bergen er gjennomgåande lågare enn einingstakst på buss gjennom store delar av døgnet, så skal bussprisane holdast nede.*
- *Nytt forslag til A5: Bompenginntektane skal brukast til drift av kollektivtransport. Generelt prisnivå og årlege justeringar av bussprisar må derfor justerast samtidig med justeringar for satsane i bompengeringen, og vris slik at bussprisane er lågare enn prisen for å passere i bomringen.*
- *Nytt forslag til A6: I fastsetjing av prisane skal ein sjele til prisnivå for kollektivtrafikk i dei andre største byane i Noreg.*

2. B: Prismodellen for buss og bybane i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden

- B1: Prismodellen for kollektivtrafikken i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett
- B2: Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer
- B3: Prisstrukturen i Hordaland er basert på store, geografiske soner
- B4: Billetter skal kunne kjøpast til lik pris i alle salskanalar og gjelde heile døgnet

3. C: Prismodell for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden

- C1: Prismodellen for båt i Hordaland skal gjere det enkelt for kunden å velje riktig billett
- C2: Kundekategoriar og rabattar skal vere i samsvar med etablert bransjepraksis og nasjonale normer
- C3: Prisstrukturen for båt i Hordaland skal vere basert på ein avstandsbasert prismodell

4. D: Avvik frå hovudprinsipp kan nyttast når det vil gi stor effekt

- D1: Hovudregelen om lik pris i alle salskanalar kan i kortare eller lengre periodar fråvikast som eit verkemiddel til å påverke kundane til å nytte nye og meir effektive salskanalar
- D2: Hovudregelen om at alle billetter har same pris og gyldigheit i heile driftsdøgnet kan fråvikast for å oppnå spesifikke mål eller til fordel for meir dynamiske løysingar

*Tillegg til D2: Prisdifferansering som verkemiddel for å fordele tal reiser på ein større del av driftsdøgnet er ikkje ein aktuell problemstilling.*

- D3: Pris for nye mobilitets- og tilleggstenester må spegle verdien for kunden.
- *Nytt punkt D4: Hovudregelen om lik pris i alle salskanalar kan fråvikast som eit verkemiddel for å stimulere til auka reiseliv og til å få fleire nye reisande på distriktsruter.»*

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesrådmannen sitt forslag, med slike endringar (understreka):

Endring tillegg A1:

Lågare pris er ikkje det mest effektive verkemiddelet for å få fleire til å reise/, men prising av kollektivtrafikken bør optimaliserast mot å bidra til flest mogeleg reisande.

Endring tillegg A2:

Årlege prisjusteringar gjer det mogleg å halde oppe det generelle prisnivået slik at ein sikrar inntektene til kollektivtrafikken/, men prisauke som følgje av justering skal alltid haldes låvere enn kostnadsutviklinga ved å velja bil på tilsvarande reiser.

Nytt punkt D4:

Prisstruktur og tenester skal vere enkle og oversiktlege for å legge til rette for auka bruk av kollektiv blant turistar og tilreisande.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag:

«Alternativ:

Partia ser ikkje trong for å slå fast prinsippa som er skissert i saksframlegget.»

**Gustav Bahu (Frp)** sette på vegner av Frp og V fram slikt forslag (a):

«Utval for miljø og samferdsel tek saka til førebels orientering og jobbar vidare med innspel og sjølve saka fram mot fylkestinget.»

**Gustav Bahu (Frp)** sette på vegner av Frp og V fram slikt forslag (b):

«Nytt punkt 4D:

Alle avvik frå hovudprinsippa som er skissert i saka skal politisk handsamast.»

**Geir Angeltveit (V)** sette fram slik protokollmerknad:

«Venstre vil merka seg at det kjem inn forslag om å gå vekk frå saka om innføring av prinsipp. Dette har me ikkje handsama i vår gruppe då det kom i møtet. Og me må difor drøfta det fram mot fylkesutvalet/fylkestinget.»

## **Røysting**

Bahu sitt forslag (a) fekk 4 røyster (Frp, V, MDG) og fall.

Bahu sitt forslag (b) fekk 7 røyster (Frp, V, MDG, H) og fall.

Hammer sitt forslag fekk 1 røyst (SV) og fall.

Angeltveit sitt forslag fekk 1 røyst (V) og fall.

Rasmussen sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, SV) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 3 røyster (H) og fall.

## **Innstilling til fylkesutvalet**

Partia ser ikkje trong for å slå fast prinsippa som er skissert i saksframlegget.

### **Protokollmerknad frå Frp**

Frp si gruppe vil i denne saka arbeida med den fram mot fylkestinget. Saka er stor og viktig og krev full gruppehandsaming hos oss.

### **Protokollmerknad frå V**

Venstre vil merka seg at det kjem inn forslag om å gå vekk frå saka om innføring av prinsipp. Dette har me ikkje handsama i vår gruppe då det kom i møtet. Og me må difor drøfta det fram mot fylkesutvalet/fylkestinget.

## **PS 62/18 Praktisering av dispensasjon frå Fylkesmannen om unnatak frå gratis skoleskyss**

### **Forslag til innstilling**

1. Samordning av ungdomsbillett med skuleskyss blir vidareført frå hausten 2018. Fylkesrådmannen sin tilråding til modell med nye soner skal leggest til grunn for ny søknad om dispensasjon.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere på ordninga og områda den gjeld for dersom endringar i rutetilbod eller i vilkåra for dispensasjonen tilseier at det er trong for justering.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Samordning av ungdomsbillett med skuleskyss blir vidareført frå hausten 2018. Fylkesrådmannen sin tilråding til modell med nye soner skal leggest til grunn for ny søknad om dispensasjon.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å justere på ordninga og områda den gjeld for dersom endringar i rutetilbod eller i vilkåra for dispensasjonen tilseier at det er trong for justering.

## **PS 63/18 Evaluering og endringar i rammeavtalen med Statens vegvesen**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale med vedlegg, slik at denne kan inngåast med verknad frå 01.08.2018.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til justert rammeavtale med vedlegg, slik at denne kan inngåast med verknad frå 01.08.2018.

## **PS 64/18 Søknad frå GulenSkyss AS om ruteløyve for strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for båtrute på strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy. Det er eit vilkår for ruteløyvet at rutetilbodet er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Hellesøy.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for båtrute på strekninga Bergen - Fedje - Hellesøy. Det er eit vilkår for ruteløyvet at rutetilbodet er tilpassa personar med nedsett funksjonsevne.
2. Fylkesutvalet godkjenner søknad av 04.04.18 frå GulenSkyss AS om løyve for bussrute på strekninga Bergen - Hellesøy.

## **PS 65/18 Offentleg kjøp av regionale flyruter i Sør-Noreg - Høyringsfråsegn**

### **Forslag til innstilling**

1. Etablering av Vestland fylkeskommune vil auke betydinga av sambanda mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og kan føre til auka etterspurnad ut over det som er rekna ut i rapporten. Dette bør takast omsyn til i kapasitetsutrekningane. Dette er ein faktor som ikkje er omtala i rapporten.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at det vil vere uheldig om ruta Førde-Bergen vert teke ut av FOT-ordninga. Det vil føre til svekka intern kommunikasjon i nye Vestland fylkeskommune.
3. Hordaland fylkeskommune støtter elles meir fleksible krav til ruteføring, frekvens og flystorleik. Dette kan gje ei betre tilpassing mellom behova i regionen og kapasitet, samt lågare kostnader for ordninga.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Etablering av Vestland fylkeskommune vil auke betydinga av sambanda mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, og kan føre til auka etterspurnad ut over det som er rekna ut i rapporten. Dette bør takast omsyn til i kapasitetsutrekningane. Dette er ein faktor som ikkje er omtala i rapporten.
2. Hordaland fylkeskommune meiner at det vil vere uheldig om ruta Førde-Bergen vert teke ut av FOT-ordninga. Det vil føre til svekka intern kommunikasjon i nye Vestland fylkeskommune.
3. Hordaland fylkeskommune støtter elles meir fleksible krav til ruteføring, frekvens og flystorleik. Dette kan gje ei betre tilpassing mellom behova i regionen og kapasitet, samt lågare kostnader for ordninga.

## **PS 66/18 Venterommet på Åsane Terminal**

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 15.05.2018**

Utval for miljø og samferdsel sette saka på sakskartet utan saksførelegg.

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt forslag (a):

«Venterommet ved Åsane terminal skal haldast ope så lenge det går bussar i rute til og frå terminalen.»

**Rasmus Laupsa Rasmussen (A)** sette på vegner av A, Sp, KrF og SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen (b):

«Utvalg for miljø og samferdsel ber administrasjonen legge fram en sak med oversikt over tilgjengelige venterom tilknyttet kollektivtrafikk i Hordaland. Saken skal vise en oversikt over tilgjengelige venterom, venterommenes standard, venterommenes åpningstid, og eventuelle kostnader knyttet til å utvide åpningstidene slik at de er åpent så lenge det går buss/bane/båt i rute.»

### **Røysting**

Rasmussen sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Rasmussen sitt forslag (b) vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillarane utan realitetsbehandling.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

Venterommet ved Åsane terminal skal haldast ope så lenge det går bussar i rute til og frå terminalen.